

Styremøte ØVHK 31.03.2009:

Oppmøtte: Hilegunn Bondhus, Linn Mork, Sveinar Kleive, Ingunn Boye Olsen, Kirsti Wollmann, Ingrid Hesjadalen og Vibecke Carlsson.

Sak 1: Kurs, spørre avd Sykkylven. Hildegunn spør Britt Unni om å halde kvelpe og unghundkurs, teoridelen mm., og Mari tar noke av praksisen.

Sak 2: Vi bør møtes i løpet av påska og sjå over agilitybana. Sjå om gjerde er ok. Sette opp dei store apperata på ag-bana. **Treninga tirsdag i påska, dvs.7.april vert det dugnad på agilitibana på Vallabøen. Den gamle baneplassen vår. Oppmøte der kl halv sju.**

Sak 3: Blodsporkurs er bestemt, sjå annonse på heimesida til klubben. Pris, tid, sted, kurshaldar mm.

Sak 4: Vi må følge med om det utlysast sponsormidla. Gje beskjed til sekretær om ein ser annonse på dette slik at vi sender inn søknad.

Sak 5: Stemne:

Vi har dommer til Lp og Ag. Vi har ikkje dommer til kvalp/barn og hund. Alternativ er å spørre Hege Hoflandsdal frå Molde. Linn høyre med ho. Vibecke sjekker kva som er bestemt med Ag og Lp dommere.

Mat: Kva mat skal vi ha? Baguetter og pølse på grill. Ha mest mulig ute.

Lokaler: Bjørg høyre om lån av barnehagen.

Møbler: Kirsti spør om lån av bord og stoler.

Bana: Vi må høre om lån av grusbana. Sveinar ordner dette.

Telt: Skal vi kjøpe ett party telt? Per Gunnar kan sjekke ut dette. Salg av billige på Jysk no, vi har bruk for to på 4X6 meter.

Premier: Linn sjekker ut på Jula ang tørkeduker. Bir og Bim leideband til kvelpepremier, Hildegunn finner ut kva som er bestilt av dette. Vibecke sjekker pris og div på handuker. Linn ser kva rosetter som mangler og bestiller dette.

Tropehagen vil ha stand på stemnet, det er greit.

Sak 5: Tur

Fellestur tirsdag 12. mai. Kirsti tek oss med, ut i naturen, vi møtes i Gjeitvika kl halv seks.

Sak 6: Priser på klede:

Caps kr 50,-, t-shirt kr 50,-, jakker kr 400,- og genser kr 100,-.

Sak 7: Manekengdag på amfi med hund. Det vert ikkje oppmøte frå klubben sin regi, men om frivillige vil møte opp utenfor hundeklubben er det opp til einkvar.

NESTE STYREMØTE 27. APRIL 2009

